



Anders i arbeid på Systrene Nilsen (Foto: Morten Nilsen)

Var du ein av dei bortimot 100 som åt lam på Systrene Nilsen i påska i år og var raus med lovord om kokken etterpå? Mannen bak maten var ein ung og lovande kokk frå Stavanger. Fredag kveld kan du igjen oppleva kva Anders Stokkebø (25) har lært om kokkekunsten på dei 10 åra som er gått sidan han entusiastisk starta på kokkelina i heimbyen. Det er ikkje lite!



Anders med fritidsantrekk (Foto:Ola Matti Mathisen)

Frå klokka 19.30 blir den første av 3 gladmatdagar denne sommaren avvikla - med pannesteikt kveite på menyen. Tilbehøret er eksotiske frukter. Det bør også nemnast at kveite er livretten til Anders, saman

med lange. Neste gladmatdag blir 15. juli og då kjem omnsbaka laks på bordet. Siste gladmatdag kjem 29. juli og då fristar rogalendingen med kalvelår.

-Kva er din kommentar viss gjesten heller vil ha kjøttkaker?

-At hun eller han harete kjøttkaker før, men ikkje det eg skal laga.

Morten Nilsen, vert og mangeårig kamerat av Anders, får ordet:

-Og her er målsettinga å prøva ut nye tilbod og produkt. Difor har eg engasjert Anders.

Han, forøvrig ein ekte siddis, har ein nesten utruleg profesjonell bakgrunn til å vera så ung: Yrkesvalet gjorde han då han var 14 og etter 2 år på kokkelina og 2 års læretid på Bølgen & Moi fekk han fagbrevet i 2005. Deretter laga han mat i eitt år for det trångbodde mannskapet på ein av dei gamle MTB-ane med base på Håkonsvern.

Pascal, "fransk"restaurant i Oslo, var neste arbeidsplassen og deretter var han i kantina til det franske selskapet Total i Stavanger. Ostehuset, som driv med catering fekk også nyte godt av Anders før Hjelmeland Spa vart arbeidsplassen hans i 2 år, først som kokk og seinare som soussjef. Og no er vi faktisk framme ved juli 2011. I sommar skal han skifte mellom Uskedalen og ein ny jobb som kjøkkensjef i heimbyen for ei verksemd som heiter "Kokkene kommer".

Ingen skal kunne seia at Anders har hatt einspora utdanning og praksis! Og innimellom vrimlar det av catering-oppdrag.

-Det er alltid nok å gjera for ein kokk, seier Anders.

Han har ikkje noko imot lange arbeidsdagar i Uskedalen heller!

Av Ola Matti Mathisen